SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre Møtedato: 12.6.18 Stad: Fjordsenteret

Sak 17/18 Trekking av fellingsløyva for villrein

Saksopplysning/vurdering:
Det er i år innkome 126 søknader på fellingsløyve frå innanbygdsbuande jegerar. I tillegg er det 4 utanbygdsbuande søkjarar.
Statsallmenningen vert tildelt 32 løyve, ut frå vedtak i villreinnemnda om minsteareal og utrekninga som valdansvarleg (grunneigarlaget for villreinvald) har gjort på grunnlag av dette.

	Frie løyver	Simle/ungdyr	Kalv	
NF 401	3	2	3	
NF402	1	0	1	
NF451	7	7	8	
Sum	**11**	**9**	**12**	**32**

Av dette må det trekkjast ut eit simle/ ungdyrløyve, som går til trekning mellom deltakarane i jaktkarusellen.

Med atterhald om at fjellstyret held fast på vedtak i sak 14/11 om at kalvekorta skal tildelast separat, skal fjellstyret fordela korta på 31 jegerar; 11 fridyrskort, 8 kort for simle/ ungdyr og 12 kalvekort.

Med ein kvote på 31 dyr til fordeling og 126 søkjarar vil me i år få ei varamannsliste på 95 namn.

Framlegg til framgangsmåte ved trekninga:
Denne byggjer på innarbeidd praksis, tilpassa særskilte tilhøve det einskilde år. Me har 3 fyrstegongsjegrar under 20 år som skal ha løyve.

Fylgjande liste ligg ved:

- Fullstendig søkjarliste i alfabetisk rekkjefølgje

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre Møtedato: 12.6.18 Stad: Fjordsenteret

Sak 17/18 Trekking av fellingsløyva for villrein

1. Me tek ut dei 3 fyrstegongsjegrane som er prioritert, så let me datamaskina trekke rekkefylgje på søkjarlista. Så set me inn att fyrstegongsjegrane på toppen av lista. No har me trekt rekkefylgja på dei 31 som får fellingsløyve i år og ny varamannsliste.

2. Alle stiller likt, fordi alle som søkte fekk tilbod om fellingsløyve i fjor. Legg 11 fridyrskort , 8 ungdyr/ simlekort og 12 kalvakort i skåla og trekk.

Broksfjellkorta
I utlysinga vart det skrive at det måtte sendast eigen søknad på dei fellingsløyva som er tildelte av Hardangerviddakvoten til Broksfjellet statsallmenning. 25 innanbygds jegerar har søkt.
Alle på varamannslista i fjor fekk tilbod om løyve så alle stiller likt

Ha 28a Aurland statsalmenning Broksfjell har fått fylgjande kvote:
Totalt 1 dyr, eit fritt dyr.

1. Me let datamaskina trekka rekkefylgje, den som står øvst får fridyrsløyvet.

Utanbygds søkjarliste:
I og med at me truleg ikkje har løyve til overs når dei innanbygdsbuande har fått så droppar me å trekke varamannsliste for utanbygds søkjarar.

Framlegg til vedtak:
Trekninga vert gjort i samsvar med den prosedyren som er skissert i saksutgreiinga.

Fjellstyrekontoret, den 5/6-18

Håkon Øydvin